

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 17.10.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Jon-Harald Huus, Ingrid Stranden Haavik og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Guri Bugge, Veslemøy Mjelde, Jon Steinar Skeie
Referent: Kaia

Sak 2023/68: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2023/69: Godkjenning av referat frå styremøte 12.09.2023. Godkjent

Sak 2023/70: Eigedomar:

- Asfaltering av plassen ved kulturhuset er etter endeleg tilbod frå Kvinnherad Asfalt AS tinga til ein samla sum på kr 333.672 + mva. Klargjering av plassen med å fjerne betong blomkassar, hoppegrop, vegetasjon o.a. må utførast av HB før asfaltering kan gjennomførast i første halvdel av november.
- Tilbod på ny lysarmatur i gymsalen. Dette kjem i forbindelse med montering av varmpumpe i nær framtid. Midlar vert søkt til våren.
- Betalingssatsar Herand bygdelag: Kasserar la fram forslag til nye satsar, denne vart vedteke. Nye prisar vert gjeldande frå 01.01.2024.
- Årleg kontroll av brannslökkjeutstyr på Herand kulturhus, utført av Petol 17.10.23. Dei anbefaler og at alle brannslangar vert kontrollert årleg. Me gjer avtale om dette frå neste kontroll.

Sak 2023/71: Tilstellingar:

- Oppsummeringsmøte etter turistsesongen tysdag 24. oktober kl. 19.00. Alle med interesse for lokal turisme oppmodast om å stille, velkommen!
- HB har motteke førespurnad om me ynskjer å arrangere ein seniormiddag i Herand, i samarbeid med Jondal Frivilligsentral, i veke 7-2024. Arbeidsutvalet har signalisert tilbake at me er positive til det. Styret stiller seg bak tiltaket.
- Bygdelagsbasaren 24.02.2024. Me må starte opp med å skaffe gevinstar. Skrivar lagar liste og sender ut til styremedlemmene med referatet. Kasserar lagar brev som kan følgje førespurnader om gevinstar. *Tusen takk for bidrag!*
- Julegrantenning: julegrana i båthamna tennast fyrste helga i advent. Bygdelaget ordnar gran og snakkar med samarbeidande lag for å få til eit lite arrangement.
- Juletefest 2. juledag. Det er rode 1 som lagar til festen i år. Boka vert overlevert til Ingeborg Huus.

Sak 2023/72: Økonomi:

- Status: Hardangerstiftinga har godkjent søkt omdisponering av tildelte midlar til ny varmpumpe i gymsal. Denne er tinga.
- Plan for tilbakebetaling av lån til Herand Omsorgsbustader, kasserar har laga låneavtale for underteikning. Denne er sendt til styret i Herand omsorgsbustader as.

Sak 2023/73: Andre saker/eventuelt:

- Haustdugnad gjennomført laurdag 30.09, det vart utført mykje godt arbeid på kulturstien, kulturhuset, båtbyggjarmuseet o.a. *Takk for innsatsen!*

- Det er nye tre som er velta over kulturstien i nedre del (nedfall oppe frå heldrane). HB prøver å få rydda dette etter kvart.

Neste styremøte tysdag 14.11.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus.